


Under fylkesvegen?

17.11.2012



Det bør anleggjast undergang under fylkesvegen ved Korsnes når dei først er igang med Ospelunden bustadfelt. Det er viktig å knyta dei to bustadområda saman av trafikale omsyn og minska faren for

påkøyrslar ved kryssing av den sterkt trafikerte vegen. Dette meiner Korsnes Vel som saman med dei som skal utvikla Ospelunden no har teke eit initiativ i saka. Det er innhenta tilbod og laga teikning av ein undergang like ved krysset der vegen tar av mot Korsnes og Sparebankstiftinga er søkt om løyving. Ein undergang vil kosta rundt regna 625 000 pluss moms men dei har førebels ikkje fått noko svar på søknaden,

Det er teikna tråpp ned til undergangen frå 'Rosendal-sida' og rampe ned frå andre sida, begge deler knytta til eksisterande gang- og sykkelveg.

Undergangen kjem på den staden der røyr og leidningar skal førast under vegen og knytta saman dei 2 bustadområda.

Det er allereie overvassleidning på denne staden og det skal førast overvatn frå Ospelunden under vegen der.

Klikk på teikningen så vert han skarpere.

Av Ola Matti Mathisen